



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 29.01.2015  
Vår ref.: 2015/959-3  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS - Søknad om utviding av areal for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 28.01.2015 frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om utviding av areal for anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune.

Lokalitet 26295 Langøy er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 3120 tonn. Løyve er gjeve til eit anlegg som består av seks 35 x 35 meter stålbur på ei rekkje med tilhøyrande førfalte. Noverande anlegg er klarert for om lag 27 dekar overflate areal.


Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit nytt plastringanlegg. Det nye anlegget vil bestå av 5 merdar med tilhøyrande førfalte. Kvar merd vil ha ein omkrets på 160-200 meter. Rammefortøyninga vil ha ein storleik på 550 x 110 meter.

Omsøkt overflate areal er om lag 60 dekar for sjølve oppdrettsanlegget. I tillegg kjem førfalten med førslangar til anlegget. Denne er tenkt plassert 100 meter sør for anlegget. Dette vil gje eit samla overflate areal på ca. 95 dekar. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasiteten i anlegget.

Årsaka til søknaden er mellom anna at verksemda sitt anlegg på lokalitet Ospeneset lenger inne i Austfjorden havarerte under uveret «Nina». I det same uveret opplevde verksemda og utfordringar ved det eksisterande anlegget ved Langøy, og ein ønskjer difor å leggje ut eit nytt plastringanlegg før neste utsett. Neste utsett er planlagd i siste del av mars 2015. Søkjar skriv at på ein eksponert lokalitet som Langøy så vil eit plastringanlegg vera meir rømmingssikkert enn eit stålanlegg.

Overgang til plastringar vil vidare medføre at det vert større avstand mellom bura, noko som gjer betre vassgjennomstrømming i anlegget. Dette er med å sikre gode oksygenforhold og velferd for fisken. Det nye omsøkte anlegget vil elles ha større samla merdvolum samanlikna med dagens anlegg, noko som også vil bidra til auka velferd for fisken i anlegget. I tillegg vil større samla merdvolumet gje meir fleksibilitet ved behandling mot lus og AGD i brønnbåt på lokaliteten.

For ytterlegare informasjon om søknaden viser vi til søknaden med tilhøyrande vedlegg.



Kartet over viser omsøkt anleggspllassering (gul), eksisterande anlegg (svart) og akvakulturområde i arealplanen (raud). Den vestlegaste og den austlegaste delen av omsøkt anlegg ligg utafor areal avsett til akvakultur. Det same gjeld plasseringa av fôrflåten. Desse delane av anlegget er søkt i areal som er avsett til fiske, ferdsel, natur og friluftsliv med tilhøyrande føresegner om at fortøyinger og ankerfeste frå akvakulturanlegg kan tillatast.

Merdanlegget, fôrflåten og mesteparten av fortøyingsarrangementet ligg i Lindås kommune, medan to fortøyinger/ankerfeste mot nord og to fortøyinger/ankerfeste mot aust ligg i Masfjorden kommune. Søknaden vert og send på høyring til Masfjorden kommune.

Hordaland fylkeskommune si tolking av arealplanen for Lindås er at omsøkt anleggspllassering delvis er i strid med planen. Etter Akvakulturlova sine §§ 6 og 15 første ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikke er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova.

Søkjær er kjent med at ein del av søknaden er i konflikt med arealplanen og har difor den 23.01.2015 send søknad om dispensasjon til Lindås kommune. På grunn av dette er søkjær og klar over at det er ein risiko for at søknaden ikkje vil føre fram.

Søkjær opplyser at det er særskjegleg å gjera omsøkte anleggsbytte før planlagd utsett av fisk i slutten av mars 2015. Neste mulege tidspunkt for skifte av anlegg vil vera før neste utsett av fisk våren 2017.

Søknaden vert å handsame på vanleg måte, men for å spare tid ber søker om at dispensasjon frå arealplanen vert vurdert parallelt med søknaden etter akvakulturregelverket.

Fylkeskommunen ber Lindås kommune, som planmynde, om å vurdere søknaden, og særleg vurdere den delen av tiltaket som er i strid med planen, samt legge søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søker, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to avisar som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8).

Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (*jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Endre Korsøen, tlf.: 917 64 632 i Hordaland fylkeskommune.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi: Eide Fjordbruk AS/Fyllingsnes Fisk AS